

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 02.10.2008 **Tid:** 14.00 – 17.30

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 21, inkl. 3 varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**

Gunnar Bruvik  
Sigmund Dyrhovden  
Jens Harald Abotnes

**I staden møtte:**

Tyra Pedersen  
Ove Aasebø  
Sven Tore Kulleseid

**Andre som var tilstade på møtet:** Økonomisjef Erdal under budsjettmeldinga. Thore Austnes under sak 26/08. Adm.sjef og ass.adm.sjef under heile møtet.

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 8. oktober 2008

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og sakliste vart godkjent med unnatak av sak 28/08, som vart vedteken handsama etter sak 30/08.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen vart godkjend.

**VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:**

Odd Lønnebakken, Eva Hellevang og Marit Aase.

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Sture Tveit** stilte spørsmål om ledige stillingar på teknisk og tilsetjing i desse.

**Ordførar** orienterte om at det er søkjarar til stillingane, og prosessen med tilsetjing er i gang.

**Tyra Pedersen** etterspurte tilbakemelding på innsendt spørsmål vedk. Djupvasskai på Rolvsvåg.

**Ordførar** orienterte om den munnlege avtalen me har med Os Skog som brukar kaien i dag. Den skriftlege avtalen er under arbeid. Det er avtalt ein pris pr m<sup>3</sup> tømmer. Prisen er som i nabokommunen, og vil gje Samnanger om lag kr 30.000 i inntekter i år. Os Skog har sett fram ønskje om at dei kanskje vil kjøpa kaiområdet. Eit evt. sal til dei vil verta lagt fram for kommunestyret til avgjerd.

I skrivet vart det og stilt spørsmål ved fullmakter til å inngå sal og evt. bruk av meglar.

Ordføraren orienterte om at dei fleste kommunale tomter – industri og bustad – er prisa, og desse prisane er til vurdering av PØ ca. 1 gang for året. Administrasjonssjefen har fullmakt til å selja desse eigedomane. Er det tvil om sal vert sakene drøfta med PØ. Fram til no har det ikkje vore nytta meglar. Det kan gjerne drøftast seinare.

Evt sal av kaien i Rolvsvåg vil klart vera ei sak for kommunestyret.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Ordførar orienterte om desse sakene:

**Rettvis kommune** Samnanger kommune har søkt om å verta med i ordninga med rettvis kommune. Jmf tidlegare vedak i kommunestyre. Me har no motteke skriv frå organisasjonen om at me ikkje fyller krava som er sett.

**Flyktningar** - Samnanger kommune har no motteke formell førespurnad om mottak av flyktningar/oppretting av asyl. Sak om dette vil verta førelagd kommunestyre til handsaming i november.

**Stemmerett 16-åringar** – Spørsmål om stemmerett for 16-åringar er eit av fleire moment som er teke opp i eit statleg dokument om valordninga. Barneombodet oppmodar til debatt, og kommunen vil drøfta dette i UR(ungdomsrådet) i deira første møte før det vert teke vidare i kommunen.

**Steinmassar.** Bygging av tunnell på RV 48 og evt. kraftutbygging i Aldalen medfører store mengder steinmassar som bør takast hand om slik at dei gjev positive ringverknader for kommunen. Det skal setjast ned ei gruppe som kan arbeida fram forslag til bruk av massane. Det har tidlegare vore sett ned ei ”steingruppe”, og nokre av dei politiske representantane i gruppa er framleis medlemmer av kommunestyret.

Administrasjonsjefen la fram ein **budsjettkontrollrapport** som viser stor svikt i skatteinntektene og store overskridingar på driftsbudsjettet til pleie og omsorg. Pr. d.d. ligg det an til eit underskot på rekneskapen i overkant av 2 mill. Det vart vist til at det er mogeleg å dekke inn dette ved bruk av likviditetsreserven som pga. endringar i rekneskapsføringa kan brukast i drifta. Rapporten vart delt ut til medlemmane.

**Varaordførar Brigt Olav Gåsdal** informerte om partnarmøte i Kenya i juni. Med på dette møtet var i tillegg til han Eva Hellevang frå OO, ass. adm.sjef og ped. konsulent.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0026/08	08/00192 <b>GJENNOMGANG AV LEGEKONTORET</b>
0027/08	06/00104 <b>VIDARE UTBYGGING AV BREIBAND I SAMNANGER.</b>
0028/08	08/00412 <b>FRITAK FRÅ KOMMUNALE VERV 2008 - 11 - TRUDE LØVSKAR</b>
0029/08	08/00388 <b>DELEGERING AV MYNDE - BARNEVERNSAKER.</b>
0030/08	08/00044 <b>KLAGE PÅ VEDTAK OM SKJENKETIDER BJØRKHEIM</b>

0026/08

**GJENNOMGANG AV LEGEKONTORET****Framlegg til vedtak.:**

- ###
- Det vert gjennomført brukarundersøking, og m.a. resultata frå denne skal leggjast til grunn for utvikling av sørvisen ved legekantoret.
- Legekantoret må utarbeida skriftlege rutinar som sikrar at tenestene som vert ytt står i samsvar med målet om ei god teneste.
- Dei ulike tilsette sitt ansvar og oppgåver må vera tydeleg formulert.
- Dagens bemanningsressurs skal vidareførast.
- Stilling for turnuslege vert omgjort til fast stilling. Innan 15. februar 2009 skal det fattast vedtak om stillinga skal vera fastløna eller om den skal vera organisert som ein privat praksis.
- Det vert inngått drøftingar med Os kommune om ein samarbeidsavtale om felles legevakt stasjonert i Os. Legevakt stasjonert i Os vert å sjå som ei løysing til Samnanger og evt. fleire omlandskommunar kan verta innlemma i Bergen Legevakt som ei interkommunal legevaktordning innanfor akseptable kostnader.
- Samnanger kommune sender ei melding til KS om utfordringane våre knytt til legevaktssamarbeid med Bergen. Me vil be KS aktivt ta tak i gjeldane avtalar med legevaktforeininga og andre parter. Det må og peikast på anbefalingane om minst 4-delt vaktordning. Kopi vert sendt legevaktssjefen i Bergen, regionrådet for Bergenregionen og fylkesmannen i Hordaland.

Ulike modellar med bruk av first-responderbil vert utgreidd der det vert sett fokus på ansvarstilhøve både juridisk i høve til tilsette, kompetanse og økonomi. Ordninga skal vera på plass samstundes med ny legevakt.

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

- ###
- Det vert gjennomført brukarundersøking, og m.a. resultata frå denne skal leggjast til grunn for utvikling av sørvisen ved legekantoret.
- Legekantoret må utarbeida skriftlege rutinar som sikrar at tenestene som vert ytt står i samsvar med målet om ei god teneste.
- Dei ulike tilsette sitt ansvar og oppgåver må vera tydeleg formulert.
- Dagens bemanningsressurs skal vidareførast.
- Stilling for turnuslege vert omgjort til fast stilling. Innan 15. februar 2009 skal det fattast vedtak om stillinga skal vera fastløna eller om den skal vera organisert som ein privat praksis.
- Det vert inngått drøftingar med Os kommune om ein samarbeidsavtale om felles legevakt stasjonert i Os. Legevakt stasjonert i Os vert å sjå som ei løysing til Samnanger og evt. fleire omlandskommunar kan verta innlemma i Bergen Legevakt som ei interkommunal legevaktordning innanfor akseptable kostnader.

- Samnanger kommune sender ei melding til KS om utfordringane våre knytt til legevaktsamarbeid med Bergen. Me vil be KS aktivt ta tak i gjeldane avtalar med legevaktforeininga og andre parter. Det må og peikast på anbefalingane om minst 4-delt vaktordning. Kopi vert sendt legevaktsjefen i Bergen, regionrådet for Bergensregionen og fylkesmannen i Hordaland.

Ulike modellar med bruk av first-responderbil vert utgreidd der det vert sett fokus på ansvarstilhøve både juridisk i høve til tilsette, kompetanse og økonomi. Ordninga skal vera på plass samstundes med ny legevakt.

0027/08

## **VIDARE UTBYGGING AV BREIBAND I SAMNANGER.**

### **Framlegg til vedtak::**

Tveit og Høysæter vert prioritert for vidare breibandutbygging. Oppsitjarane på Høysæter vert utfordra på å bidra økonomisk – dugnad m.m. – for å dekkja inntil kr 25.000 av meirkostnaden med straum, mast m.m. Samnanger kommune ber om ytterlegare midlar frå Høykom – dvs. kr 25.000.

For å få realisert utbygginga innan utgangen av 2008 stiller kommunen inntil kr 50.000 til disposisjon til prosjekta i tillegg til tidlegare løyvde midlar. Pengane vert teke av næringsfondet.

Sidan det finst løysing for Aldal og Lid gjennom bruk av mobiltelefoni, finn ikkje kommunen det rett å prioritera midlar til utbygging her.

### **Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Tveit og Høysæter vert prioritert for vidare breibandutbygging. Oppsitjarane på Høysæter vert utfordra på å bidra økonomisk – dugnad m.m. – for å dekkja inntil kr 25.000 av meirkostnaden med straum, mast m.m. Samnanger kommune ber om ytterlegare midlar frå Høykom – dvs. kr 25.000.

For å få realisert utbygginga innan utgangen av 2008 stiller kommunen inntil kr 50.000 til disposisjon til prosjekta i tillegg til tidlegare løyvde midlar. Pengane vert teke av næringsfondet.

Sidan det finst løysing for Aldal og Lid gjennom bruk av mobiltelefoni, finn ikkje kommunen det rett å prioritera midlar til utbygging her.

0028/08

## **FRITAK FRÅ KOMMUNALE VERV 2008 - 11 - TRUDE LØVSKAR**

### **Handsaming i møte:**

**Bl. v/Vidar Rolland** sette fram følgjande framlegg:

*Søknaden blir imøtekomen.*

*Nytt medlem i OO blir Harry Foss.*

*Ny leiar i OO blir Kristan Jørgensen*

*Ny nestleiar i OO blir Eva Hellevang.*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

###

*Søknaden blir imøtekomen.*

*Nytt medlem i OO blir Harry Foss.*

*Ny leiar i OO blir Kristan Jørgensen*

*Ny nestleiar i OO blir Eva Hellevang.*

0029/08

## **DELEGERING AV MYNDE - BARNEVERNSAKER.**

### **Framlegg til vedtak::**

###

Søksmåls- og ankekompetansen i barnevernssaker skal liggja til barnevernsleiar i kommunen og ikkje direkte hjå kommunestyret.

Dette delegasjonsmyndet vil koma i tillegg til det myndet som allereie ligg føre.

### **Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

###

Søksmåls- og ankekompetansen i barnevernssaker skal liggja til barnevernsleiar i kommunen og ikkje direkte hjå kommunestyret.

Dette delegasjonsmyndet vil koma i tillegg til det myndet som allereie ligg føre.

0030/08

## **KLAGE PÅ VEDTAK OM SKJENKETIDER BJØRKHEIM**

### **Handsaming i møte:**

**Marion Langhelle Pedersen** sette fram følgjande framlegg:

*I klagen frå Bjørkheim Kro og Motell om utvidet skjenketid "ved særskilte høve" får dei skjenkeløyve for øl og vin fra kl 12.00 til kl 02.00. Klagen blir imøtekomen.*

**Helga Nygård** sette fram følgjande framlegg:

*Klaga frå Bjørkheim Kro og Motell vert ikkje imøtekomen.*

**Liv Berit K Befring** sette fram følgjande framlegg:

*Bjørkheim Kro og Motell har adgang på lik line med andre "særskilde arrangement" å søkja om å få utvikde skjenking til kl 02.00 i høve til pub kveldar og andre arrangement dei ynskjer å ha, slik Alkohollovena § 4 – 4 gjev adgang til.*

*Den normalskjenketida som er vedteken i Kommunestyret i Juni 2008 til kl 01.00 skal også gjelde for Bjørkheim Kro og Motell.*

**Nils Gåsdal** sette fram følgjande framlegg:

*Kommunestyret held fast på den generelle skjenketida fastsett i sak 25/08.*

*Men kommunestyret har ikkje sagt noko om dispensasjon. Administrasjonen vert oppmoda om å praktisera dispensasjonar slik det er gjort tidlegare åra med konduite.*

Liv Berit Befring trekte sitt framlegg.

Marion L.Pedersen trekte sitt framlegg.

**Bright Olav Gåsdal** bad om gruppemøte. Møtet vart mellombels heva.

Møtet vart sett.

Nils Gåsdal trekte attende framlegget sitt.

**Trude Løvskar** sette fram forslag om å utsette saka.

Trude Løvskar trekte utsettelsesframlegget.

**Nils Gåsdal** sette fram følgjande framlegg:

*Tillegg til vedtak i sak 25/08*

*Bjørkheim Kro og Motell får løyve til å servera øl og vin til kl 02.00 inntil 6 gonger pr. år i samband med dansepubane.*

Det vart røysta alternativt over Nygård og Gåsdal sitt framlegg.

Gåsdal sitt framlegg fekk 13 røyster og vart vedteke. Nygård sitt framlegg fekk 8 røyster.

### **Vedtak:**

*### Tillegg til vedtak i sak 25/08*

*Bjørkheim Kro og Motell får løyve til å servera øl og vin til kl 02.00 inntil 6 gonger pr. år i samband med dansepubane.*



